

Postmuseum på Strilamuseet



Prosjektskildring "Forprosjekt Festo Postmuseum"

Versjon 2.5
08-07-2021

Innhald

1. Bakgrunn

2. Føremål

3. Utstillinga

4. Arrangement

5. Framdriftsplan

6. Organisering

7. Formidlingsstrategi

8. Økonomi

1. Bakgrunn

Lindås sogelag gjennomfører no eit prosjekt som skal byggja opp eit postmuseum med lokalt og regionalt tilsnitt lokalisert til Feste i Alver kommune. Dette er versjon 2.5 av prosjektskildringa. Det vert gjort greie for resultat så langt og planar for arbeidet i 2021. På grunn av koronapandemien er forprosjektperioden utvida til desember 2021.

Ideen om eit postmuseum i Bergen postområde kom frå postmannen Vegard Bakka (1940-2016). Vegard hadde gjennom ein lang yrkeskarriere ulike roller i Postverket – mellom anna som reisande postekspeditør på fjordabåt. Vegard var ein posthistorisk eldsjel, og han samla inventar og utstyr frå nedlagte poststader. Etter at han gjekk bort i 2016 forvalta kona hans, Aud Smeby Bakka, samlinga. Ho avgjorde i 2020 at Lindås sogelag fekk overta resultatet av Vegards innsamlingsarbeid. Gåva utgjer grunnlaget for postmuseet på Festo. Også andre post- og lokalhistorisk interesserte har donert materiale til museet.

Sokneprest og lokalhistorikar i Ullensvang, Olaf Olafsen (1843-1932) skreiv i bygdeboka om Ullensvang at *intet kan saaledes som Postvæsenets Fremgang vise den store Udvikling, som er foregaaet i mange Retninger blant os i den sidste Menneskealder*. Olafsen formulerte seg slik i 1907. I åra som følgde fekk Postverket ei enno viktigare rolle i samfunnsutviklinga. Forskarar har heldt fram at me kan snakka om ein ny postal kultur som knytte saman teknologiske framsteg, næringsutvikling og folks ønskje og behov for kommunikasjon på tvers av grenser både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Då verda tok steget inn i informasjonssamfunnet på slutten av førre hundreåret var Postverket si samfunnsmessige posisjon på hell. I dag er, med få unnatak, alle ordinære postkontor nedlagde, og folk nyttar elektroniske hjelpemiddel for å kommunisera med kvarandre. Posten har flytta inn i daglegvarebutikken. Slik sett er postkontoret attende der det starta på andre halvdelen av 1800-talet.

Den nasjonale postutstillinga og Norges Postmuseum finn me på Maihaugen på Lillehammer. Postmuseet på Festo vil ha som føremål å speglia lokale og regionale samanhengar i den postale utviklinga. Merksemda vil særleg vera retta mot *postvegen mellom Bergen og Trondheim* som frå 1785 hadde si rute gjennom Nordhordland, og ikkje minst den seinare *koplinga mellom post, fjordabåt og landhandel*. Sentralt i utstillinga står også *eit komplett postopneri frå 1970-talet* – ei verksemd som mange framleis vil kjenna seg att i.

2. Føremål

Poststadane i Nordhordland er grundig dokumenterte i boka *Post- og stempelhistorie for Nordhordland* frå 2016. Boka skildrar det lokale, postale landskapet i tekst og bilete. Me finn også poststaden 5107 Feste i denne boka. Her var det brevhus og seinare postopneri frå 1919 til 1971. Posten var lokalisert til dampskipskaien ein dryg kilometer frå skulebygget der Strilamuseet held hus.

Postmuseet på Festo har som føremål å formidla lokal og regional posthistorie med utgangspunkt i området Bergen – Nordhordland 1785-1998. Me vil særleg leggja vekt på å

- halda fram soga om Den Trondhjemskje Postveg med foto og dokumentasjon. Postgardar, trasear og bruk 1787-1868. Delar av postvegen – frå Trælevika til Vågseidet – vert no vøla og teken vare på av Statens Vegvesen.
- dokumentera dei reisande postekspedisjonane på skip og båtar i ruter på Bergen – Nordhordland ved hjelp av foto og postale gjenstandar frå tida 1866 – 1968.
- presentera funksjonar, oppgåver og interiør ved eit postopneri slik det såg ut kring 1970 inklusiv arbeidsplassen til landpostbodet. Frå postopneriet skal det vera mogleg å senda kort / brev (motivstempel).
- visa eit utsnitt av uniformer, gjenstandar og postsymbol m.m.



Ved inngangen til postopneri-utstillinga finn publikum postskilt og postkasse med logo frå 1935 samt originalt postskilt frå Alverstraumen postopneri.


3. Utstillinga

Alver kommune har gitt Lindås sogelag disposisjonsrett til Festo skule i Seim. I dette skulebygget vert det plass til *Strilamuseet*. Her kjem det utstillingslokale for ulike føremål. Elektroutstillinga *Lys og straum til Nordhordland* er allereie på plass.

Til *Festo Postmuseum* er det sett av eit rom på om lag 30 rutemeter og tilhøyrande korridor på om lag 35 rutemeter. Lokalet vert no tilrettelagt for føremålet.

Den faste utstilling er no snart på plass og inneholder følgjande:

- 1) Postvegen frå Bergen gjennom Nordhordland. To veggar med posterar som dokumenterer traseen postvegen følgde, poststadar og postgardar etter vegen, vegbyggjarar og postførarar, dokument m.m.



Vegg 1. Postvegen
Bergen – Trondheim.

Montasjen syner Gaulen bru, og fortel om generalvegmeister Christopher Johannes Hammer (1759-1823) og postkontrollør Jens Schanche (1717-1787).

Begge bidrog avgjeraende i arbeidet med å få i gang postruta mellom Bergen og Trondheim.



Vegg 2. *Frå den lokale postsoga 1785-1868.* Presentasjon av postgardar, postopneri, knutepunkt, postalt utsyr og døme på brev. Montert juni 2021.

2) Lensmannsbordet

Lindås sogelag har eit skrivebord frå garden Fjellsenda i Alver. Bordet er truleg laga av Halvor Tollakson (1663-1746). Halvor var smed, snikkar og treskjerar. Bokstavane H T S og årstalet 1695 er skore inn i kvar ende av bordet.

Soneson til Halvor – Lars Larson (1738-1823) – vart utnemnd til lensmann i 1760. Lars Larson på Fjellsenda fekk mykje å gjera med postvegen som vart lagt gjennom Lindås skipreide. I Statsarkivet i Bergen finn me mange brev som lensmann Larson sende til generalvegmeisteren.

Det er god grunn til å tro at desse lensmannsbreva vart skrivne på dette staseleg bordet, som no vert ein del av postmuseet. Under glasplata på bordet ligg kopi av brev frå Lars Larson.



- 3) Komplette postuniformer (3-5) frå ulike tidsepokar. Montert på utstillingsdokker i eigen monter.



Glasskåp til uniformsutstillinga montert juli 2021

- 4) Postopneriet anno 1970. I hovudutstillinga er det no på plass eit postopneri med skranke og postale effektar inklusiv sorteringsreol for landpostbod.



Postopneriet på Festo. Snart ferdig for opning.

- 5) Monstrar med teknisk utstyr, skilt og blankettar osb. Det står att å ferdigstilla utstillingsobjekta samt å teksta desse.

- 6) Dar kjem dampen med post. Ein vegg med posterar som dokumenterer samanhengen mellom postføring og dampsipstrafikk samt skrin frå reisande postekspedisjonar.



Reisande postekspedisjonar. Skrina inneheldt alt utstyr som postekspeditøren hadde bruk for i tenesta om bord i fjordabåten. Monert juni 2021.

- 7) Samlinga inneheld også eit mindre posthistorisk bibliotek. I tillegg til faglitteratur vil biblioteket også innehalda informasjonsmateriell frå Posten. Prosjektet er kome langt med å registrera bøker og dokument.

Allereie frå starten legg ein opp til å satsa på *digitalisering*. Prosjektet vil samarbeida med fagfolk frå Osterøy museum for å realisera dette. Ny teknologi gjer det mogleg å formidla kunnskap om post, veg og fjordabåt på nye måtar. Samlingane kan vitjast uavhengig av tid og stad. Bruk av til dømes QR-kodar opnar for at den fysiske utstillinga vert supplert med tekst og bilete ein kan henta frå digitale kjelder. Bruk av ny teknologi kan også gjea samlingane i Strilamuseet meir tilgjengeleg og spanande for barn og unge.

4. Arrangement

Det er eit mål at Festo Postmuseum skal ha jamleg ope for publikum. Sogelaget har etablert samarbeid med Alver kommune. Postmuseet på Festo er no inne som eit av dei tiltaka som kommunen tenkjer å nytta seg av som del av Den kulturelle skulesekken.

Kulturarv Postmuseet på Festo	5. trinn Seim skule Lindås barneskule Leiknes skule Skodvin Montessori- skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjenste og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Bruke Lindås sogelag som samarbeidspartner til formidling av den lokale kulturarven på staden Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
--	---	---	---

Strilamuseet og Festo postmuseum har som mål å verta synlege som besøksstad og attraksjon. Til dømes kan det vera aktuelt å samarbeida med DS Oster om lokale turar til (turist)attraksjonar i Nordhordland.

Koronapandemien har bidrige til at planlegging i høve opningstider og arrangement er sett på vent.

5. Framdriftsplan

Framdriftsplanen vert oppdatert etter som nye aktivitetar vert identifiserte.

Koronasituasjonen har ført til at mange aktivitetar har vore vanskeleg å gjennomføra. Det er framleis usikkert kor tid Postmuseet kan opna for publikum.

I perioden mars-desember 2020 vart følgjande aktivitetar gjennomførte:

- Pakking og transport av samlinga til Vegard Bakka
- Planlegging og tilrettelegging av utstillingslokale – inklusiv oppussing og kjøp / montering av utstillingsmontrar
- Utarbeiding av plan for forprosjektet
- Søknader om økonomisk støtte – motteke kr. 122.000.-
- Møter med samarbeidspartar
- Utforming av montasje om postvegen – ferdig montert 15. desember.

Revidert framdriftsplan 2021		
Tid	Tiltak	Status
Januar – juli	Utforming av posterar / utstilling om postveg og dampskip	Gjennomført. Montert primo juli.
April – august	Montering av samlinga / gjenstandar	Har vore noko på etterskot pga koronatiltak, men no god framdrift.
August	Planleggja opning og arrangement	
September	Mogleg opningsdato laurdag 25. september 2021	Koronaavhengig
September-desember	Utarbeida forslag til budsjett for drift av postmuseet inklusiv program for 2022	
September-desember	Vidareføra arbeidet med digital løysing - opplegg for registrering av gjenstandar	Førebuinger i gang
Desember	Avslutting av forprosjekt Rapport til Lindås sogelag	
Hausten 2021	Plan for utviklingsprosjekt. Mogleg søknad til Vestland fylkeskommune i 2022.	

6. Organisering

Prosjekteigar er Lindås sogelag.

Prosjekteigar har totalansvaret for forprosjektet og godkjenner prosjektdirektiv og budsjett.

Alle søknader om økonomisk støtte skal gå via Lindås sogelag. Styret i sogelaget skal informerast skriftleg om framdrift og økonomi innan følgjande tidspunkt:

01.12.2020 Statusrapport. Levert sogelaget

01.12.2021 Sluttrapport Forprosjekt

Prosjektleiar er Jan B. Thorsheim

Prosjektleiar har ansvar for gjennomføringa av forprosjektet. Prosjektleiar rapporterer til styret / styreleiar i Lindås sogelag

Det er oppretta ei nemnd (arbeidsgruppe) med følgjande medlemmer:

Olav Idsø, Lindås sogelag
Arthur Brekke, postpensjonist
Jan Einar Hjelmteit, postpensjonist († 2021)
Hans Tvedt, postpensjonist
John Søgnen, postpensjonist
Egil Hindenes, postpensjonist
Sonja Syslak Bjerkaker, postpensjonist
Arne Eriksen, posthistorisk skribent

Nemnda deltek i gjennomføringa av forprosjektet etter avtale med prosjektleiar. Nemnda kan supplerast. Arbeidet i nemnda er dugnadsbasert.

Det er gjort avtale med grafisk utformar Mai-Liss Møn

Samarbeidspartar

- Museumssenteret i Hordaland / Osterøy museum. Kontaktpersonar: Solveig Jordal & Nikolai Rypdal Tallaksen
- Alver kommune Kontaktpersonar: Eilin Feste & Bente Kopperdal Hervik. Den kulturelle skulesekken: Hanne Vatnøy
- Statens vegvesen. Kontaktperson: Bjørn Grassdal
- Vestland fylkeskommune. Kontaktperson: Ronny Skaar
- Norges Postmuseum, Maihaugen. Kontaktperson: Helge Sognli

7. Formidlingsstrategi

Forprosjektet vil laga ein formidlingsstrategi som minimum femner om følgjande problemstillingar:

- Grafisk profil – vil særleg gjelda postrane i utstilling
- Informasjonsmateriell til publikum
- Bruk av ny teknologi / Digitalt museum / QR-koder / sosiale medium / Facebook
- Informasjon til media
- Foredrag og presentasjon om Festo Postmuseum
- Småskrifter / artiklar om lokal posthistorie

8. Økonomi

Då prosjektet starta vart det gjort eit overslag som tilsa at arbeidet med Festo Postmuseum ville ha ei kostnadsramme på kr. 375.000. Me har no redusert dette overslaget med kr. 30.000. Årsaka er monaleg reduksjon i kostnader til monter for postuniformer. Nytt overslag er altså kr. 345.000. Det vert jobba med framtidig driftsbudsjett for postmuseet. Utgiftene i forprosjektet gjeld utstyr til utforming av utstillinga – alt frå montrar til posterar (fagleg bistand til layout / tekst / trykking) og IT-kompetanse knytt til digitalisering. Den praktiske gjennomføringa av prosjektet er basert på dugnadsarbeid. For at prosjektet skulle koma i gang med arbeidet forskoterte Lindås sogelag kr. 100.000.-

Prosjektet kan gje følgjande oversyn og utgifter / kostnadsoverslag samt tilskot i perioden 2020-2021:

Utgifter 2020	
Montrar til utstillingslokalet	80.001
Oppussing: lettvegg, dør, lister, maling m.m.	9.730
Glasplater til reiseskrin og lensmannsbord	5.930
Plakathaldarar	2.875
Grafisk utforming	5.000
Produksjon / montering vegg 1 (levert 2020)	22.793
Reisekostnader	226
Til saman	126.555

Utgifter 2021 – revidert overslag	
Utstillingsmonter / dokker til postuniformer	30.000
Skyvedør til skranke	20.000
Grafisk utforming	15.000
Produksjon / montering montasje vegg 2 og ditto om fjordabåter og post	40.000
Digitalisering – kjøp av kompetanse	50.000
Arrangement (opning / omvising)	20.000
Ymse / buffer	50.000
Til saman	225.000

Tilskot 2020	
Bidragsytar	Beløp
Alver kommune	30.000
Sparebanken Vest	20.000
Norwex-fondet	2.000
Striletaggen	10.000
Vestland fylkeskommune	60.000
Til saman	122.000

Tilskot 2021	
Bidragsytar	Beløp
Vestland fylkeskommune	40.000
Alver kommune	30.000
Posten	20.000
Lindås sogelag – eigenfinansiering	50.000
Til saman	140.000

Det står att ei økonomisk utfordring på kr. 83.000 for fullfinansiering av prosjektet.

Stor takk til alle bidragsytarar.